
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: 29. mars 2018 15:31
Til: 'erlingrosnes@yahoo.no'
Emne: Ytterligere trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 155/10 Monstad

Hei.

Vi viser til tilsendt tilleggsdokumentasjon, mottatt 08.03.2018, i høve dykkar søknad, datert 26.09.2017. Saka gjeld frådelling av ein naustparsell.

Slik vi forstår dykk, så gjev ikkje skøytet frå 06.12.1922 ein parkeringsrett til naustparsellen. Administrasjonen legg til grunn at det ikkje er dokumentert at parsellen har ein parkeringsrett i skøytet, sjølv om dagens bruk av vegane inkluderer bil.

De må da vise ved skrifteleg avtale, ein parkeringsrett gitt frå gbnr 155/10 til den utskilte naustparsellen (overskrift). Parkeringsretten må illustrere ein rett til parkering for naustparsellen på gbnr 155/10. De vil så gå til fots frå gbnr 155/10 til naustparsellen (innhald). Avtalen må vere tidsubestemt, datert og signert av dykk som heimelshavarane av gbnr 155/10 (ytterligere formalia).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 10.04.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

